

Erfaringar frå ei forsamlingsdanning

Samnanger indremisjon går over til Samnanger Misjonsforsamling

Samnanger indremisjon vedtok i årsmøtet i 2009 å danna ei fullverdig menigheits-forsamling. Etter ein lengre prosess, der lovutkastet hadde vore innom krinsstyra i både Indremisjonssamskipnaden og NLM, vart den nye lova vedteken i årsmøtet. Den definerer Samnanger Misjonsforsamling som tilhøyrande både IMF og NLM, og bakgrunnen var sjølvstøtt at bedehusfolket i stor grad kjende seg heime i begge desse organisasjonane. Forsamlinga har vel 50 innmelde medlemmer, og er såleis nokså liten.

Forsamlingsmodellen er ei naturleg vidareføring av slik forsamlingslivet på bedehuset alltid har fungert. Det nye er at det vart valt eit hyrderåd, med ansvar for den åndelege utviklinga i forsamlinga. Som då vi var ei foreining, driv styret arbeidet, med formannen som naturleg forsamlingsleiar. Alt arbeidet vert utført som før med frivillig innsats av medlemmene i forsamlinga. Dette fungerer godt.

Fri nattverd har vore praktisert på bedehusa i bygda sidan 1970-talet, og i periodar like frå 1920-talet. Dåp kom inn rundt 1990, i tråd med lekmanns-parolen om at 'dåpen er fri, liksom Guds ord og nattverden er fri'. Dette viser ei utvikling som gjorde overgangen til forsamling ganske udramatisk. Møteverksemd, songstil, lags- og foreiningsarbeid har ikkje endra seg med overgang til forsamling. Utfordringa låg kanskje mest på det mentale planet – å sjå seg som eit alternativ til den lokale Dnk-forsamlinga.

Styret er formelt øvste organet mellom årsmøta. I lova vår er hyrderådet altså underordna styret. Men hyrderådet sine oppgåver er definert i lova og er nokså forskjellige frå styret sitt arbeid. Såleis har denne modellen fungert svært godt, og hyrderådet har teke viktig ansvar i mange konkrete situasjonar både sjelesørgeriske, og læremessige, og skapt ein stabilitet og retning som gjev medlemmene tryggleik i forsamlinga.

Samnanger Misjonsforsamling er altså innmeld i både IMF og NLM. Ein kunne kanskje venta at dette ville skapa lojalitetskonfliktar, motstridande føringar eller eit dobbelt oppfølgingsarbeid. Men slik har det ikkje vorte. Den hierarkiske styringsstrukturen i NLM er gjeldane ned til region-nivå, medan kontakten mellom lokalforsamling og region er temmeleg lik kontakten forsamlinga har med IMF-krinsen. Den einaste forskjellen vi ser, er at NLM krev at lønna stillingar og investeringar skal godkjennast i regionstyre – det krev ikkje IMF. Elles har vi nå ein viktig fordel av det doble medlemskapet, vi får tilgang på forkynnenester frå begge organisasjonane.

Skulle vi hatt ei lønna stilling trur vi faktisk det mest nyttige ville vore ein sekretær-rolle som gjorde det administrative arbeidet. Det å få sett opp semesterprogrammet, annonsere og organisere verksemda, gjere referent-arbeidet, handtere utleige av bedehusa, mm, utgjør mykje arbeid som ikkje treng liggja på forsamlingsleiaren eller andre i styret.

Rune Espelid

24.09.2016